



Arkivsaknr: 2024/8106-12
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornying av alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 frå 01.10.24 - 30.09.28 samt eigarskifte - Nordom Fjellet AS - Sjøslaget pub og selskapslokaler

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av alkohollova og Alver kommune sin alkoholpolitiske plan får Nordomfjellet AS org.nr 997882946 fornya skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i omsøkte lokale til Sjøslaget pub og serveringslokale, Skjelangervegen 819, 5917 Rossland frå 01.10.24 – 30.09.28.

Hilde Kristin Røssang er styrar for skjenkeløyve og Eva Fløholm Birkeland er avløysar.

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar frå kl.09.00 til kl. 02.00

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er alle dagar frå kl 13.00 – til kl. 01.00

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune

Nordomfjellet AS, org.nr. 997882946 vert innvilga serveringsløyve frå 01.10.24. Dagleg leiar er Hilde Kristin Røssang.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår.

Saka gjeld

Nordomfjellet AS har i søknad datert 30.06.24 søkt om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1,2 og 3 i perioden frå 01.10.24 til 30.09.28. Det er søkt skjenkeløyvet på ca 110 kvm innandørs og 110 kvm utandørs på Sjøslaget pub og serveringslokale i Skjelangervegen 819, 5917 Rossland.

Hilde Kristin Røssang er styrar for skjenkeløyvet og Eva Fløholm Birkeland er avløysar. Styrar for skjenkeløyvet Hilde Kristin Røssang og avløysar Eva Fløholm Birkeland har bestått kunnskapsprøven samsvar med alkohollova §1-7 c.

Nordomfjellet AS melder om eigarskifte frå 20.07.24. Noværande skjenkeløyve vert ved eigarskifte overdradd til ny eigar og kan nyttast av ny eigar en periode på tre mnd i tråd med Alkoholoven § 1-10 i forbindelse med at ny søknad behandlast.

I forbindelse med eigarskifte søkjast det også om nytt serveringsløyve. Hilde Kristin Røssang er dalgeg leiar og har bestått etablererprøve etter krav i serveringsloven § 5.

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (alkohollova § 1- 6).

Søknadene har vore til uttale hjå politi, NAV og skatteetaten som ikkje har merknader til fonying av løyvene.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknad om skjenkeløyve og serveringsløyve vert tilrådd innvilga.